



Mottakar
Adresse

Vår ref.:
25/3951-12

Dykkar ref.:

Saksbehandlar:
Berit Holme

Dato:
11.12.2025

Varsel om oppstart områdereguleringsplan Ankerløkken Øyrane - planprogram

Det vert med dette varsla om høyring av planprogram og oppstart av arbeid med områdereguleringsplan Ankerløkken Øyrane, jf. §§ 4-1, 12-1, 12-2 og 12-8 i plan- og bygningslova. Planarbeidet omfattar eigedom 21/649, og delar av eigedom 21/305 i Sunnfjord kommune.

Formålet med planarbeidet er å opne opp for transformasjon av planområdet til bustadformål, med moglegheit til å etablere næring i nedste etasje. Planområdet er på 36,5 daa.

Området er føresett utvikla etter tunprinsippet «Hagen». Prinsippet er vurdert til å ha størst potensial til å forme allment tilgjengeleg uteopphaldsareal, som samtidig kan delast inn i fleire uterom med storleik og utforming som inviterer til opphald, aktivitet og deltaking i sosiale aktivitetar.

Planarbeidet er vurdert til å verte fanga opp av verkeområdet til forskrifta om konsekvensutgreiingar. Det er utarbeidd planprogram, sjå vedlegg.

Formålet med planprogrammet er å sikre medverknad, gjere greie for formålet med planarbeidet, behovet for utgreiing, planprosessen med fristar og deltakarar, samt klargjere aktuelle/realistiske alternativ.

Forslagsstillar for planarbeidet er Ankerløkken Eigedom AS. Planarbeidet vert gjennomført som eit samarbeid mellom Sunnfjord kommune og Ankerløkken Eigedom AS. Norconsult Norge AS gjennomfører planarbeidet på oppdrag frå Ankerløkken Eigedom AS.

Informasjon om planarbeidet er lagt ut på kommunen si heimeside under [kunngjeringar](#) samt på karttenesta kommunekart.com. Der finn ein referat frå oppstartmøtet, møtebok frå handsaminga av planspørsmålet og andre aktuelle dokument. [Alle dokument i saka](#) finn du på nettsida til kommunen.

I samband med høyringa av planprogrammet vert det gjennomført **informasjonsmøte**:

Stad: Skaparhuset på Ytre Øyrane, Øyrane 12

Dato: Onsdag 4. februar 2026

Klokka: 18.30 – 20.30

Arbeidet er i oppstartsfasen. Vi er i gang med å registrere og samle inn opplysningar for planarbeidet. Målet er å ha klart planframlegga med tilhøyrande konsekvensutgreiing for handsaming våren 2026. Planane med tilhøyrande konsekvensutgreiing vert lagt ut til offentleg ettersyn når kommunen finn framlegga tilfredsstillande.

Dersom statlege eller regionale styresmakter på grunn av framlegg til planprogram vurderer at tiltak kan kome i konflikt med nasjonale eller viktige regionale omsyn, skal dette komme fram av uttalene til planprogrammet.

Planen med tilhøyrande dokument vil femne om:

- 1) Detaljreguleringsplan med tilhøyrande planføresegner i samsvar med § 12-3 i plan- og bygningslova
- 2) Planomtale med tilhøyrande konsekvensutgreiing som vert utarbeidd med utgangspunkt i fastsett
- 3) Planprogram og § 4-2 i plan- og bygningslova
- 4) Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) som vert utarbeidd i samsvar med § 4-3 i plan- og bygningslova

Dersom du har opplysningar, synspunkt, merknadar, planar eller informasjon om tinglyste rettar som kan vere av interesse for planarbeidet, ber vi om at du skriv til:

Norconsult Norge AS
Postboks 514
6803 Førde

Eller sender ein e-post til:

Grete.Valen.Blindheim@norconsult.com

Frist for å sende inn merknadar er sett til **18. februar 2026**.

Ein ber om at merknadar vert merka med ref.: Områdereguleringsplan Ankerløkken Øyrane.

For nærmare informasjon om planarbeidet kan spørsmål rettast til:

Grete Valen Blindheim

mob. 951 55 597

e-post: Grete.Valen.Blindheim@norconsult.com

eller:

Berit Holme

tlf.nr. 576 12 716

e-post: berit.holme@sunnfjord.kommune.no

Med helsing

Berit Holme
arealplanleggar

Dette brevet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.

Vedlegg:

Planområde

Planprogram

Mottakarar: